



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Dag Sætre
Sætrevegen 9
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/2358 - 19/18453

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
18.12.2019

Varsel om kontroll av søknad om regionale miljøtilskot (RMP) for søknadsomgangen 2019 for føretaket 893470492

Radøy kommune viser til føretaket sin søknad om regionale miljøtilskot i jordbruket for 2019.

Kommunen skal kontrollere at utbetaling av regionale miljøtilskot til føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon. Dette har heimel i forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Hordaland og Sogn og Fjordane §22.

Kommunen skal kontrollere minst 10 % av søkjarane kvart år.

Du finn meir informasjon her: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/regionalt-miljotilskudd/om-regionale-miljotilskudd>

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og me melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter søknadsomgangen for 2019. Kommunen kan kontrollere heile eller delar av søknaden, og dette året er det gjødselplan som skal kontrollast. Meir informasjon om gjødselplanlegging finn du på denne linken:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/jordbruk-og-miljo/bondens-miljoplan/regelverk>

For å få RMP tilskot ifm nedlegging av husdyrgjødsel er det eit vilkår at du har oppdatert gjødselplan eller har fritak for plan.

Kommunen ynskjer å få tilsendt kopi av gjødselplan for 2019, innan 03.01.2020

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helge- og helligdagar.

Vi ber om stadfesting av at de har motteke denne varslinga om kontroll

Dersom de har spørsmål til kontrollen kan du kontakte landbrukskontoret sin konsulent Maya Riise, tlf: 56375646 epost: maya.riise@lindas.kommune.no

Med helsing

Andreas Granli
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Dag Sætre

Sætrevegen 9

5936

MANGER